

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** 14. mars 2019 13:26  
**Til:** Postmottak Meland  
**Kopi:** Bjørnar Norvald Langeland; 'Arnt Brakstad'; Eirik Bouwer Utne; Arne Mjåtveit  
**Emne:** Sak 18/2283 Søknad om riving av bustad  
**Vedlegg:** UNDERSKRIVEN FULLMAKT.pdf

Meland kommune,  
Sakshandsamar: Hanne Marie Evensen

Hei!

Vi viser til sak 18/2283 Søknad om riving av bustad på gnr 22 bnr 15 i Meland. Som nemnt i tidlegare post, har Meland Sogelag og Meland Mållag ein pågåande dialog med eigar av denne bustaden, kalla Elias Mjåtveit-huset.

Vi har påpeikt, andsynes både eigar og Meland kommune, den store kultur- og allmennhistoriske interessa som knyter seg til denne bygningen. Vi har ikkje uttrykt noko standpunkt til søknaden om riving. Men vi har som intensjon å berga huset, jamvel om det må demonterast på staden, flyttast, istandsetjast og reisast opp att ein annan stad.

For at laga våre skal kunna engasjera seg i dette prosjektet, må vi ha ei fullmakt frå eigar. Ei slik fullmakt ligg no føre, og den er vedlagd dette brevet. Vi meiner det er rett at dei som behandlar saka i kommunen, kjenner til at dei to laga no har fullmakt og dermed høve til å setja i gang arbeidet med å førebu og evt. finansiera prosjektet, m.a. søkja midlar.

Eigar har sett ein frist, 18.05.19, som vi har påpeikt er noko kort, men eigar har også forsikra om at vi kan koma fram til semje gjennom munnlege avtalar om gjennomføringstida, og at «*Skulle dere trenge mere tid til å demontere så skal vi ikke vere vanskelig.*» (E-post 16.03.10).

For Meland Sogelag og Meland Mållag  
Haakon Aase